



Vestland fylkeskommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gry Walle, 5557 2332

Att. Sveinung Klyve

## Løyve til tiltak i Valestrandselva - Osterøy kommune

---

**Osterøy kommune får løyve til å gjennomføre habitattiltak i Valestrandselva i Osterøy kommune. Løyvet er gjeve med heimel i § 2 forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, og på vilkår.**

---

Vi viser til søknad av 30. mai 2023. Vestland fylkeskommune søker for Osterøy kommune.


### Bakgrunn

For å betre forholda for anadrom fisk i vassdraget, søker kommunen om løyve til å få gjennomført tiltaka som er skissert i notatet frå Norce LFI.

Etter at fisketrappa opp til Kringastemma var opna i 2020, har anadrom strekkje i vassdraget gått i frå 1,2 km til 7,9 km. Norce LFI har kartlagt vassdraget med fokus på arealet oppstrøms Kringastemma, og utarbeida forslag til tiltak. Tiltaka inneber utbetring av gyteareal, betring av skjulmoglegheiter og standplass for gytefisk. Ripping/harving nokre stader for å betre skjul for ungfisk, utlegging av tre i sakteflytande område, noko oppreinsking av akvatisk vegetasjon, og uttak av mindre mudderavsettingar nedstrøms Kringastemma.

Det er planlagt å bruke maskiner for gjennomføring av tiltaket. Tiltaka skal gjennomførast sommaren 2023 (ut september 2023).

Tiltaket skal ikkje påverke kantvegetasjonen langs vassdraget.



Eksempel på tiltak som er planlagt gjennomført i Valestrandselva. Notat Norce LFI.

### Rettsleg utgangspunkt

#### Lakse- og innlandsfisklova

Føremålet med lova er å sikre at stammer av laksefisk mv. og deira leveområde vert forvalta i samsvar med naturmangfaldlova. Når vi vurderer om det skal gjevast løyve til gjennomføring av fysiske tiltak i vassdrag, skjer det etter § 2 i forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, som er heimla i lakse- og innlandsfisklova.

#### Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.





## Vår vurdering

Kunnskapsgrunnlaget etter § 8 i naturmangfaldlova omfattar informasjon frå søkjar, habitatkartlegging av vassdraget, naturbase og artskart. Av viktige verdiar som er registrert i vassdraget og kantsona, er anadrom fisk og ål. Gresshoppesanger og gulfink (begge NT) er registrert i tiltaksområdet. Kantvegetasjonen skal ikkje rørast, og vi reknar difor ikkje med at hekkande fuglar vert råka av tiltaket. Det er ikkje registrert naturtypar i eller langs vassdraget som kan verte råka av tiltaka (naturbase).

Det er ikkje registrert svartelista artar langs vassdraget (artskart, 3. juli 2023), men vi gjer merksam på ein førekomst av skogskjegg (SE) i nærleiken av tiltaksområdet. I tillegg kan det vere førekomstar som ikkje er kjent/registrert i området enno. Minner om kravet til aktsemd og tiltak for å hindre spreiding av framande organismar, jf. § 28 i naturmangfaldlova.

Graving i vassdrag kan få konsekvensar for laks og sjøaure, både som følgje av fysiske endringar på lokaliteten og effektar nedstraums. Påverknaden nedstraums gjeld særleg dersom slam frå gravinga sedimenterer medan det ligg rogn/ungel i grusen. Tilrådd periode for arbeid i elveløp er difor perioden juli-september, medan det ikkje ligg stadium i grusen som ikkje er mobile. Dette er det tatt omsyn til ved planlagt gjennomføring, og arbeidet skal ikkje påverke immobile stadium av laksefisk.

Tiltaka skal ikkje føre til redusert miljøtilstand etter vassforskrifta. Vi viser elles til den generelle plikta til å unngå forureining, jf. § 7 i forureiningslova.

## Vedtak

Med heimel i § 2 i forskrift om fysiske tiltak i vassdraget, får Osterøy kommune løyve til å gjennomføre habitattiltak i Valestrandselva. Løyvet gjeld ut september 2023, og på følgjande vilkår:

1. Tiltak kan gjennomførast i tråd med plan frå Norce LFI.
2. Gjennomført tiltak skal dokumenterast med bilete som skal sendast til Statsforvaltaren seinaste tre veker etter gjennomføring.
3. Skal det tilførast massar, skal massane bestå av naturlege elvemassar.
4. Løyvet skal vere med ved utføring av tiltak.

Vi minner om at ein må undersøkje om tiltaka kan vere i konflikt med eventuelle kulturminne eller anna lowverk (sjå rettleiing nedst i nettsaka: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/vatn/tiltak-i-vassdrag-kan-vere-soknadspliktig/>). Konsesjonsplikt etter vassressurslova må avklarast med NVE.

## Klagerett

Er det noko i vedtaket de vil klage på, kan de sende klage til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. reglane i forvaltningslova. Ei eventuell klage skal de sende via Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Julie Marie Andersen  
seniorrådgjevar

Gry Walle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Osterøy kommune  
Miljødirektoratet  
Vestland fylkeskommune  
SNO v/Einar Vereide  
Vest politidistrikt

Postboks 5091 Majorstua  
Postboks 1  
Postboks 5672 Torgarden  
Postboks 7900  
Postboks 85

0301 OSLO  
5293 LONEVÅG  
7485 TRONDHEIM  
5020 BERGEN  
6901 FLORØ